

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Førde HF
Dato: 25.08.2021
Sakhandsamar: **Arve Varden, Øystein Helleseeth og Evy-Helen Helleseeth**
Saka gjeld: **Rapportering frå verksemda per juli 2021**

Arkivsak

2021/1089

Styresak 049/2021

Styremøte 01.09.2021

Framlegg til vedtak

Styret tek administrerande direktør si rapportering frå verksemda per juli 2021 til vitende.

Administrerende direktør si vurdering

Resultatet i perioden var negativt med 4,8 millionar, som er 7,7 millionar bak budsjett. Til no i år er resultatet på budsjett. Administrerende direktør registrerer at kompensasjonar knytt til pandemien har om lag dekka estimerte tapte inntekter og ekstra kostnader så langt. På same tid er juli første månaden utan at det er budsjettert med ekstra løyvingar knytt til pandemien, og det er heller ikkje inntektsført noko. Underskotet er i hovudsak på grunn av meirforbruk innanfor personalkostnader og varekostnader. Administrerende direktør har hatt, og vil fortsatt ha, fokus på å normalisere drifta og redusere kostnader knytt til pandemien, men dette må balanserast mot tilstrekkeleg beredskapskapasitet og avgrensingar som smittverntiltaka medfører. Administrerende direktør ventar ikkje at vi vil nå budsjettet framover, men samtidig må ein sjå dette opp mot mindreforbruket av løyvde midlar i 2020 knytt til pandemien. Summen i fjor var 45,3 millionar.

Aktiviteten innanfor somatikk målt i DRG-poeng og utan H-resept var høg både i juni og juli, dvs. 100,1 prosent og 98 prosent målt mot budsjett. Til no i år er aktiviteten 94,6 prosent, noko som administrerende direktør er godt nøgd med. Innan psykisk helsevern (PHV) har aktiviteten vore bak budsjett for vaksne, men god aktivitet innanfor både rus og barn og unge.

Pandemien har medført lengre ventelister og fristbrot i helseføretaket. I tillegg har føretaket nokre små fagmiljø der t.d. permisjonar og mangel på vikarar raskt påverkar ventetid og fristar. Det er spesielt psykisk helsevern for barn og unge, nokre kirurgiske fag og avdeling for nevrologi, revmatologi og rehabilitering samt avdeling for samhandling og tverrprofesjonelle tenester som framleis er prega av lang ventetid.

Innanfor somatikk var ventetid for ventande 67 dagar i juli. Dette er 6 dagar mindre enn same tid i fjor. Innan psykisk helsevern for barn og unge var ventetid for ventande 35 dagar i juli. Dette er 2 dagar meir enn i fjor.

Når det gjeld ventetid for dei som har fått starta helsehjelp innan somatikk, er dette 66 dagar hittil i år (56 dagar i juli). Dette er 3 dagar meir enn i fjor. For PBU er ventetid for behandla 46 dagar hittil i år (44 dagar i juli). Dette er 3 færre enn i fjor. Det er vanleg at ventetid for behandla er lågare i juli enn i resten av året. Ferieavvikling gjer at dei mest kritiske pasientane vert prioriterte.

Det er førebels registrert 109 nye fristbrot i juli. Dette svarer til 5,5 prosent av dei med frist i perioden. Det er spesielt innan urologi det har kome auke i fristbrot. Både ortopedisk avdeling og medisinsk avdeling har klart å redusere tal fristbrot siste månaden.

Når det gjeld epikrisetider når ein målet om 70 prosent innan ein dag for somtikk og har gjort det over ein lengre periode. Kravet innan 7 dagar er 100 prosent, men her ligg vi på i underkant av 95 prosent. For PHV og tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB) er målet 60 prosent innan 1 dag og 100 prosent innan 7 dagar. Verken PHV eller TSB når målet, og administrerende direktør vil fokusere på dette framover.

Sjukefråværet var i juni 6,3 prosent, som er 0,8 prosentpoeng høgare enn same månad i fjor og ein nedgang samanlikna med førre månad. Administrerende direktør er nøgd med at det har vore eit relativt lågt nivå på korttidsfråvær, men registrer at langtidsfråvær er noko høgare enn tidlegare.

FAG

Ventetid for ventande ved periodeslutt

Gjeld ventetid for nyttilviste til første behandling eller utgreiing. Gjennomsnittleg ventetid for dei ventande var:

- Somatikk: 67 dagar ved utgangen av juli (55 i juni). 73 i juli i fjor. Altså -6 frå i fjor.
- PHV: 34 dagar ved utgangen av juli (20 i juni). 20 i juli i fjor. Altså +14 frå i fjor.
- PBU: 35 dagar ved utgangen av juli (24 i juni). 33 i juli i fjor. Altså +2 frå i fjor.
- TSB (rus): 20 dagar ved utgangen av juli (12 i juni). 26 i juli i fjor. Altså -6 frå i fjor.

Ventetid - helsehjelp starta i perioden

Gjennomsnittleg ventetid for dei nyttilviste som fekk starta behandling i juli var:

- Somatikk: 66 hittil i år (56 dagar i juli) – måltal er 50. 63 på same tid i fjor. Altså +3 frå i fjor.
- PHV: 30 hittil i år (25 dagar i juli) – måltal er 40. 26 på same tid i fjor. Altså +4 frå i fjor.
- PBU: 46 hittil i år (44 dagar i juli) – måltal er 35. 43 på same tid i fjor. Altså -3 frå i fjor.
- TSB (rus): 28 hittil i år (23 dagar i juli) – måltal er 30. 32 på same tid i fjor. Altså -4 frå i fjor.

Fristbrot – måltal 0

- Førebels registrert 38 fristbrot på behandla pasientar i juli, svarande til 2,7 prosent av behandla i juli (4,7 prosent i juni). Gjennomsnitt for Helse Vest er 5,1 prosent.
- Førebels registrert 109 nye fristbot i juli, svarande til 5,5 prosent av alle med frist i juli (3,5 prosent i juni).

Direkte timetildeling – måltal 100 prosent (ingen tentative timer)

Førebels 69 prosent for første time (73 prosent i juni). Gjennomsnitt for Helse Vest er 79 prosent. 63 prosent fikk oppfølgingstime innen 24 timer (64 prosent i juni). Gjennomsnitt for oppfølgingstime i Helse Vest er 66 prosent.

Del ikkje møtt

Svak auke, men fortsatt lågt med 2,0 prosent (1,7 prosent i juni). Gjennomsnitt for Helse Vest er 4,1 prosent.

Epikrisetider

- Innan 1 dag: somatikk 80 prosent i juli og hittil i år 77 prosent (75 prosent i heile 2020). Psykisk helsevern 40 prosent i juli og hittil i år 40 prosent (43 prosent i heile 2020). TSB/Rus 40 prosent i juli og hittil i år 35 prosent (42 prosent i heile 2020).
- Innan 7 dagar: somatikk 93 prosent i juli og hittil i år 94 prosent (94 prosent i heile 2020). Psykisk helsevern 89 prosent i juli og hittil i år 87 prosent (94 prosent i heile 2020). TSB/Rus 80 prosent i juli og hittil i år 89 prosent (95 prosent i heile 2020).

Korridorpasientar

Auke til 41 korridorpasientar, svarande til 0,8 prosent (0,4 prosent i juni). Gjennomsnitt for Helse Vest er 1,4 prosent.


Utskrivingsklare pasientar

59 døgn i juli, svarande til 1,2 prosent av alle liggedøgn (0,4 prosent i snitt i 2020). Gjennomsnitt for Helse Vest er 1,8 prosent.

Stryking av planlagde operasjonar

Ingen elektive operasjonar i juli i følge operasjonskoordinator.

AKTIVITET



Somatikk

| Somatikk | Denne periode | | | | | Til no i år | | | | |
|--|----------------|-----------------|--------------|---------------|--------------|----------------|-----------------|---------------|---------------|--------------|
| | Faktisk | Budsjett | Avvik | I fjor | Avvik | Faktisk | Budsjett | Avvik | I fjor | Avvik |
| DRG-poeng dag/døgn, A | 1 434 | 1 493 | -59 | 1 393 | 41 | 11 706 | 12 540 | -834 | 10 968 | 737 |
| DRG-poeng poliklinikk, A | 306 | 275 | 31 | 296 | 10 | 2 997 | 3 042 | -45 | 2 558 | 439 |
| DRG-poeng biologiske legemiddel, A | 68 | 111 | -43 | 92 | -24 | 1 265 | 1 366 | -101 | 1 211 | 54 |
| DRG-poeng tilhørende andre regionar, (B) | 83 | 92 | -9 | 53 | 30 | 421 | 406 | 15 | 263 | 158 |
| SUM DRG poeng produsert i HF (A+B) | 1 891 | 1 971 | -80 | 1 834 | 57 | 16 389 | 17 354 | -965 | 15 000 | 1 389 |
| DRG-poeng behandla andre regionar, (C) | 139 | 103 | 35 | 76 | 63 | 844 | 995 | -152 | 803 | 41 |
| Sum DRG-poeng eigne pasientar (A+C) | 1 947 | 1 982 | -36 | 1 857 | 89 | 16 811 | 17 943 | -1 132 | 15 540 | 1 271 |
| Tal dagkirurgi/dagbehandling | 992 | 1 009 | -17 | 955 | 37 | 8 864 | 8 694 | 170 | 8 123 | 741 |
| Tal sjukehusopphald | 1 499 | 1 405 | 94 | 1 436 | 63 | 10 573 | 11 155 | -582 | 9 868 | 705 |
| Tal polikliniske konsultasjonar | 6 954 | 6 235 | 719 | 6 771 | 183 | 71 121 | 69 553 | 1 568 | 59 661 | 11 460 |
| DRG indeks | Faktisk | Budsjett | Avvik | I fjor | Avvik | Faktisk | Budsjett | Avvik | I fjor | Avvik |
| Dag/døgn | 0,576 | 0,618 | -0,043 | 0,583 | -0,007 | 0,602 | 0,632 | -0,030 | 0,610 | -0,007 |
| Poliklinikk | 0,044 | 0,044 | -0,000 | 0,044 | 0,000 | 0,042 | 0,044 | -0,002 | 0,043 | -0,001 |

Perioden

Aktiviteten i perioden var 9,2 prosent høgare enn budsjett målt i tal behandla eller undersøkte pasientar, og 3,1 prosent høgare enn førre året. Samla DRG-produksjon i føretaket var 4,1 prosent lågare enn budsjett (- 80 poeng) og 3,1 prosent høgare enn førre året (+ 57 poeng).

Til no i år

Akkumulert er aktiviteten 1,3 prosent høgare enn budsjett målt i tal behandla eller undersøkte pasientar og 16,6 prosent over enn fjoråret. I forhold til DRG-produksjon er aktiviteten 5,6 prosent lågare enn budsjett (- 965 poeng), men 9,3 prosent høgare enn fjoråret (+ 1389 poeng).

Psykisk helsevern

| Psykisk helsevern | Denne periode | | | | Til no i år | | | | | |
|---------------------------------------|---------------|-------|----------------------|--------|------------------------|---------|--------|----------------------|--------|------------------------|
| | Faktisk | Plan | Avvik frå plan | I fjor | Avvik frå i fjor | Faktisk | Plan | Avvik frå plan | I fjor | Avvik frå i fjor |
| Psykisk helsevern vaksne | | | | | | | | | | |
| Tal heildøgnsopphald | 1 403 | 1 421 | -18 | 1 312 | 91 | 10 264 | 10 568 | -304 | 9 409 | 855 |
| Tal utskrivne pasientar | 72 | 78 | -6 | 83 | -11 | 538 | 598 | -60 | 617 | -79 |
| Polikliniske kons. m/refusjon | 1 101 | 1 146 | -45 | 1 086 | 15 | 12 950 | 15 322 | -2 372 | 14 050 | -1 100 |
| Rus | | | | | | | | | | |
| Tal heildøgnsopphald | 435 | 562 | -127 | 572 | -137 | 3 602 | 4 060 | -458 | 3 278 | 324 |
| Tal utskrivne pasientar | 10 | 17 | -7 | 22 | -12 | 106 | 143 | -37 | 112 | -6 |
| Polikliniske kons. m/refusjon | 136 | 113 | 23 | 99 | 37 | 1 518 | 1 715 | -197 | 1 513 | 5 |
| Psykisk helsevern barn og unge | | | | | | | | | | |
| Tal heildøgnsopphald UPH | 104 | 27 | 77 | 78 | 26 | 662 | 739 | -77 | 787 | -125 |
| Tal utskrivne pasientar UPH | 5 | 3 | 2 | 7 | -2 | 48 | 49 | -1 | 49 | -1 |
| Polikliniske kons. m/refusjon | 579 | 451 | 128 | 555 | 24 | 10 476 | 10 180 | 296 | 9 672 | 804 |

Psykisk helsevern for vaksne (VOP/TSB)

Aktiviteten innan PHV for vaksne har vore om lag som plan og same periode i fjor.

Innan TSB har aktiviteten på døgnsesjonane vore låg i perioden. Den siste tida har det vore mindre etterspurnad enn vanleg etter våre døgntilbod, både på Tronvik og Nordfjordeid. Poliklinisk aktivitet har vore om lag som plan i perioden.

Psykisk helsevern for barn og unge (PBU)


Aktiviteten i perioden har vore god innan poliklinikk og vi ligg føre plan og fjoråret. Det er framleis svært stor tilstrøyming av nye tilvisingar til psykisk helsevern for born og unge, og dette er krevjande og følgje opp med tilgjengelege ressursar. Ved ungdomsposten for psykisk helsevern (UPH) har aktiviteten vore høgare enn vanleg på denne årstida.

Beleggsprosent døgnsesjonar

Reell beleggsprosent, juli 2021, klokka 7

| Institusjon | Klinikk | Post | Siste 12 mnd | I vald periode | Avvik frå gj.snitt siste 12 mnd |
|----------------|-------------------|--------------------------------|--------------|----------------|------------------------------------|
| HELSE FØRDE HF | PSYKISK HELSEVERN | Akutt Døgn, Psyk.Førde | 79 % | 59 % | -20 % |
| HELSE FØRDE HF | PSYKISK HELSEVERN | DPS Allmenn Førde | 76 % | 52 % | -23 % |
| HELSE FØRDE HF | PSYKISK HELSEVERN | DPS psykose Førde | 57 % | 83 % | 26 % |
| HELSE FØRDE HF | PSYKISK HELSEVERN | ISP Døgn | 65 % | 43 % | -22 % |
| HELSE FØRDE HF | PSYKISK HELSEVERN | Lokal tryggleikspost Førde | 83 % | 100 % | 17 % |
| HELSE FØRDE HF | PSYKISK HELSEVERN | NPS Døgn | 71 % | 70 % | -1 % |
| HELSE FØRDE HF | PSYKISK HELSEVERN | NPS Rus | 47 % | 30 % | -16 % |
| HELSE FØRDE HF | PSYKISK HELSEVERN | Ruspost Tronvik | 68 % | 71 % | 2 % |
| HELSE FØRDE HF | PSYKISK HELSEVERN | Ungdomspost for psyk.helsevern | 48 % | 86 % | 38 % |
| Totalt | | | 67 % | 60 % | -7 % |

Digitale helsetenester



9,0 prosent av dei ISF-refunderbare polikliniske konsultasjonane i juli vart utførte gjennom telefon eller video. Til saman utgjer det 774 konsultasjonar. Målalet er 15 prosent. Talet digitale konsultasjonar har gått litt ned i sommarmånadene, i høve til i vår.

ØKONOMI

| | Regnskap | Budsjett | Avvik | Regnskap Hittil | Budsjett Hittil | Avvik Hittil | Prognose | Årsbudsjett |
|---------------------------------|----------|----------|--------|-----------------|-----------------|--------------|----------|-------------|
| Pasientrelatert inntekt | 61 689 | 61 405 | 284 | 516 068 | 543 457 | -27 388 | | 920 815 |
| Basistilskudd | 172 271 | 171 424 | 846 | 1 240 241 | 1 219 622 | 20 619 | | 2 177 841 |
| Andre inntekter | 4 742 | 5 529 | -788 | 37 508 | 39 806 | -2 299 | | 68 058 |
| Sum Driftsinntekter | 238 701 | 238 359 | 342 | 1 793 818 | 1 802 885 | -9 068 | | 3 166 714 |
| Varekostnader og Helsetjenester | -37 127 | -34 648 | -2 479 | -264 713 | -271 625 | 6 912 | | -483 991 |
| Lønn- og personalkostnader | -164 756 | -156 831 | -7 925 | -1 209 678 | -1 199 395 | -10 282 | | -2 102 595 |
| Øvrige kostnader | -34 011 | -36 367 | 2 356 | -254 261 | -265 958 | 11 698 | | -461 640 |
| Av- og Nedskrivning | -7 471 | -7 469 | -1 | -44 983 | -45 133 | 150 | | -82 500 |
| Sum Driftskostnad | -243 365 | -235 316 | -8 049 | -1 773 635 | -1 782 111 | 8 476 | | -3 130 725 |
| Driftsresultat | -4 664 | 3 043 | -7 707 | 20 183 | 20 774 | -591 | | 35 989 |
| Finansresultat | -170 | -210 | 40 | -111 | -941 | 830 | | -1 989 |
| Finans | -170 | -210 | 40 | -111 | -941 | 830 | | -1 989 |
| Sum Finans | -170 | -210 | 40 | -111 | -941 | 830 | | -1 989 |
| Totalresultat | -4 834 | 2 833 | -7 667 | 20 071 | 19 833 | 238 | | 34 000 |

Juli er første månaden i 2021 der det ikkje er covid-19-midlar i budsjettet. Helse Førde har i 2021 fått 35,4 millionar i ekstraløyving til å handtere dei økonomiske effektane og 19,6 millionar til kompensasjon for bortfall av aktivitetsbasert inntekt. Dette er inntektsført i løpet av dei første seks månadene. I tillegg har vi fått 4,3 millionar som øyremerka midlar til å redusere ventetider og betre kapasiteten i poliklinikkane.

Kompensasjon for bortfall av aktivitet har dekket redusert aktivitet. I juli var det aktiviteten om lag på budsjett. Når det gjeld kostnader er estimert effekt knytt til pandemien per juli 34,8 millionar, som er 0,6 millionar lågare enn ekstraløyvinga. Så per juli har ekstraløyvinga dekket estimert økonomiske effektar knytt til pandemien.

Perioden

Resultatet i perioden er -4,8 millionar, som er 7,7 millionar bak budsjett. Inntektene er på budsjett, medan det er meirforbruk på kostnadssida. Av meirforbruket på 8 millionar utgjer effekten knytt til pandemien 2,9 millionar. Dette er ei positiv utvikling samanlikna med førre månad kor tilsvarande overslag var 3,5 millionar.

Meirforbruket på personalkostnader er i hovudsak knytt til dei somatiske klinikkane. Avviket er reelt sett noko høgare på grunn av seinare tidspunkt for lønnsregulering enn føresetnaden i budsjettet. Estimert effekt er omlag 2 millionar, og desse vil komme mot slutten av året.

Når det gjeld varekost er meirforbruket knytt til medisinsk klinikk og då spesielt behandlingshjelpemiddel, kreftmedikament og H-resept.

For H-resept var det eit meirforbruk på 1,2 millionar. Resultateffekten var negativt med 2,2 millionar på grunn av lågare inntekter enn budsjettet. Pasientreiser er på budsjett i juli.

Akkumulert

Resultatet til no i år er 20 millionar, som er på budsjett. Driftsinntektene er 9 millionar bak budsjett. Driftskostnadene er 8,5 millionar betre enn budsjett, og finans er 0,8 betre enn budsjett.

Lågare inntekter er knytt til H-resept, pasienttransport, utanlandske pasientar og andre driftsinntekter.

Varekostnad er 6,9 millionar betre enn budsjett, men dette er på grunn av lågare gjestepasientkostnader på budsjetteknisk. Innanfor medisinsk klinikk er det eit meirforbruk på 15 millionar og då knytt til H-resept, medisinsk heimebehandling og mikrobiologisk avdeling.

For personalkostnader er det eit meirforbruk på 10,2 millionar. Meirforbruket er reelt noko høgare på grunn av seinare tidspunktet for lønsregulering enn kva som er føresetnaden i budsjettet. Dette er estimert til omlag 7 millionar. I tillegg er reisekostnadene til no i år 7,6 millionar lågare enn budsjett. Meirforbruket er størst innanfor dei somatiske klinikkane, noko som er naturleg med tanke på pandemien og at ekstra løyvingar er inntektsført og budsjettet på budsjetteknisk.

Øvrige kostnader er 11,7 millionar betre enn budsjett. Dette er på grunn av budsjettekniskområde. Innanfor vedlikehald av medisinskteknisk utstyr og drift og vedlikehald av bygningar er det eit meirforbruk på til saman 5 millionar.

Resultateffekten for H-resept er negativ med 7,1 millionar. Inntektene er 2,4 millionar lågare enn budsjett og kostnadane 5,4 millionar høgare enn budsjett.

Pasienttransport bidreg positivt med 1 million, og då er inntektene 1,6 millionar lågare enn budsjett, medan kostnadane 2,6 millionar betre enn budsjett. Til saman bidreg området positivt med 1 million på resultatet.


Finans og avskrivningar bidreg positivt med 1 million.

Likviditet

Per utgangen av juli 2021 hadde Helse Førde ein positiv likviditet på 361,9 millionar kroner. Føretaket har ei disponibel trekkramme på driftskreditten med 307 millionar kroner som ikkje vert nytta.


MEDARBEIDARAR

Sjukefråvær



Sjukefråværet var i juni 6,3 prosent som er 0,8 prosentpoeng høgare enn same månad i fjor og ein nedgang samanlikna med førre månad. Gjennomsnittleg sjukefråvær dei siste tolv månadene er 6,6 prosent.

Månadsverk





Brutto månadsverk i perioden var 2664. Dette er 112 fleire enn same periode i 2020. Netto månadsverk i perioden var 2245. Dette er 95 fleire enn same periode i 2020. Auken er knytt til etablering av tryggleikspost, kasernering av ambulanspersonell, noko meir sjukefråvær og pandemien.

Brutto månadsverk er summen av alle månadsverk som Helse Førde betaler løn for (inklusive betalte permisjonar).

Netto månadsverk er brutto månadsverk minus betalte permisjonar og ferie-/sjukevikarar.


Epikrisetid

Innan 1 dag når somatikk målet om 70 prosent og har gjort det over lengre periode. Kravet innan 7 dagar er 100 prosent, men her ligg ein i underkant av 95 prosent. For PHV og TSB er målet 60 prosent innan 1 dag og 100 prosent innan 7 dagar. Verken PHV eller TSB når målet og ein vil fokusere på dette framover.



Oppfølging sepsis i akuttmottak

Pasientar med mistenkt infeksjon blir triagert innan målet på ti minutt etter at dei har kome i akuttmottak. Helse Førde er innanfor måltalet i forhold til både mediantid og gjennomsnittleg tid.



Tid for oppstart av antibiotika på raude pasientar. Tidsgrensa er 60 minutt. Helse Førde er innanfor måltalet i forhold til mediantid.

Oppstart av antibiotika

● Minimum av oppstart ● Maksimum av oppstart — Median av oppstart

